



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Grethe Underdal, 55 57 25 87

Vår dato  
21.10.2013  
Dykkar dato  
22.07.2013

Vår referanse  
2012/1434 721.0  
Dykkar referanse  
13/1797

Arbeidsdepartementet  
Postboks 8019 Dep  
0030 Oslo

### Uttale til «Forslag om at § 4 andre ledd i forskrift om sosiale tjenester for personer uten fast bopel i Norge presiseres eller oppheves»

Fylkesmannen i Hordaland viser til e-post av 23. juli 2013 der vi vart invitert til å gi innspel til høyringsnotatet «*Forslag om at § 4 andre ledd i forskrift om sosiale tjenester for personer uten fast bopel i Norge presiseres eller oppheves*». Vi har følgjande kommentarar til forslaget:

Fylkesmannen i Hordaland har til no ikkje hatt klagesaker frå personar som regelen i § 4 omfattar etter at naudrettsbetraktningane blei forskriftsfesta 1. januar 2012. Vi har difor ikkje grunn til å tru at problemstillinga har særleg stort omfang.

Departementet skriv at uklarheit om kor omfattande retten til tenester i ein naudsituasjon er, er uheldig i ein periode der innvandring av EØS-borgarar utan midlar til å kunne forsørgje seg sjølv er forventa å auke. Fylkesmannen er einig i dette. Vi kan likevel ikkje sjå at dette er avgjerande ved vurdering av om innhaldet i § 4 om personer *utan lovlig opphald* skal presiserast eller opphevast.

Nav-kontora korkje kan eller skal vurdere om ein EØS-borgar har lovleg opphald verken i dei tre til seks månadene dei har lov til å vere her utan registreringsbevis eller etter at dei har fått registreringsbevis. Vi kan difor ikkje sjå at fleire EØS-borgarar eller andre opplysningar i notatet, fører til fleire saker av denne typen. Fylkesmannen meiner difor at forskriftsregulering i utgangspunktet ikkje er naudsynt.

Dei to alternativa er:

#### **Alternativ 1: Formuleringa i § 4 andre ledd vert tatt ut**

Personar som ikkje har lovleg opphald i riket vil då ikkje ha ein regulert rett til individuelle tenester etter loven, med unntak av opplysning, råd og rettleiing.

#### **Alternativ 2: § 4 i forskrifta vert endra slik**

*Personer som ikke har lovlig opphold i riket har ikke krav på individuelle tjenester etter loven, med unntak av opplysning, råd og veiledning. Hvis en person som nevnt i første ledd ikke kan sørge for sitt livsopphold, og heller ikke kan få statlig innkvartering, har vedkommende i en nødsituasjon rett til økonomisk stønad og hjelp til å finne midlertidig botilbud i henhold til loven i en kort periode. Hjelpen gis inntil vedkommende i praksis kunne forlatt landet. Det kan stilles krav om å skaffe nødvendige reisedokumenter.*

I valet mellom desse to alternativane meiner Fylkesmannen i Hordaland at alternativ 1 er mest tenleg. Ei presisering slik den er formulert i alternativ 2, vil berre skyve på dei utfordringane ein ønskjer å kome til livs. Omgrepet «ei kort periode» er ikkje eintydig. Dette opnar for ulike tolkingar og er såleis likevel ikkje ei presisering av regelen. Det vert ytterligare uklårt når det i setninga etter står at «hjelp skal gis inntil vedkommende i praksis kunne forlatt landet». Kva skal i tilfelle til for at vedkommande i praksis skulle kunne reist frå landet innan ein kort periode?

Etter alternativ 2 vil Nav-kontoret uansett måtte gjere ei vurdering etter alminnelege naudrettsbetraktningar og konvensjonsplikter, dersom vedkommande blir verande ut over ein kort periode eller etter at vedkommande i praksis kunne reist frå landet.

Etter vår vurdering er alternativ 1 då ei betre løysing, fordi denne løysinga gir same grunnlag for behovsvurdering av sosialhjelp til *alle* som ikkje har lovleg opphald. Går ein for denne løysinga, er det naudsynt å utgreie og presisere kva plikt Nav-kontoret har overfor denne gruppa etter alminnelege naudrettsbetraktningar og konvensjonsplikter. Vi meiner at dette lettare kan gjerast i eit rundskriv enn i ei forskrift.

Fylkesmannen i Hordaland har lese høyringsuttalen til Fylkesmannen i Vestfold, som legg fram eit tredje alternativ: At tilbodet kost, losji og bistand til retur til heimlandet gjennom statleg innkvartering, vert utvida til også å omfatte utlendingar med ulovleg opphald som er omfatta av § 4 i forskrifta. Dersom Arbeidsdepartementet opnar for andre endringar enn dei to alternativane som er sendt på høyring, sluttar Fylkesmannen i Hordaland seg fullt ut til Fylkesmannen i Vestfold sin tilråding.

Med helsing

Helga Arianson e.f.  
fylkeslege

Øystein Breirem Jacobsen  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*